

Soknerådsmøte i Moster kyrkje tysdag 18.10.2022

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Per Harald Gjerde, Elin Taranger, Aksel Lygre, Heidi Torkelsen Fagervik, Gerda Bondø (for Marta Fauskanger Ekberg) og Karianne Fimland (for Camilla Ruback)

Sak 73 – 2022 Godkjenning av møtebok frå 20.09.22 og innkalling.

Møtebok godkjend. Innkalling godkjend med desse merknadene og endringane: Saksnummer 76 stod på to saker etter kvarandre, så saksnummera etter det vart retta. Sak 84 og sak 85 vart ført på i tillegg.

Sak 74 – 2022 Oppfølging av tidlegare saker.

*Temakveld – diakoniutvalet planlegg neste kveld. (13. oktober)

Berre 17 frammøtte. Usikker på årsak. Det var haustferie denne veka. Aksel tek ansvaret for temakvelden den 10. november.

***Kurs for nye medarbeidarar på lyd og bilete. Rekruttering av nye medarbeidarar.**

Sjå sak 16 og 17 i februar-møte. Kvar står sakene?

***Søknad om støtte til 150-årsjubileet frå SR-bank:**

Me finn prosjekt og bestemmer kven i soknerådet som fylgjer opp saka vidare.

Vedtak: Soknerådet søker om støtte til føredrag og konsertar i 2024, og det vert sett ned ei arbeidsgruppe. (Her hugsar eg ikkje om det vart sett nokon frist for det)

***Temakveld som konsept**

Kvar står saka? Diakoni og KMU tek kvar sin kveld, den eine på hausten og den andre på våren.

***Skap til teknisk utstyr. Det vert send søknad, og Fellesrådet vidaresender den til bispedømmerådet.**

***Prioriteringsliste til kyrkjeverjen. Vert lagt fram i november.**

***Budsjettet 2023, forslag vert lagt fram i november.**

***Støtte til matkassar for frivlligsentralen.**

5000 er bevilga + offer julekonserten. Kva skal stå på facebook? Forslag vert utarbeidd ved Elin.

.

Sak 75 – 2022 Samtale med TOL-utval om trusopplæringa

Utvalet orienterar. Samtale og spørsmål. Soknerådet fekk ei svært god orientering.

Vedtak: TOL-utvalet gjer ein utruleg god jobb. Soknerådet er medviten på å følgje opp dei sakene som vart løfta fram.

Sake 76 – 2022 Datoar for soknerådsmøta våren 2023

Vedtak: Soknerådet samlast vårsemesteret 2023 på fylgjande dagar:

24.januar; 21.februar; 21.mars; 18.april; 9.mai og 13.juni. Endringar kan førekoma.

Sak 77 – 2022 Førebuingar til soknerådsva 2023

To nye er spurde . Ein person har svara ja til å sitje i valnemnda.

Vedtak: Valnemd er på plass, og består av sokneprest og tre andre. Sokneprest kallar inn.

Sak 78 – 2022 Soknepresten er involvert i tverrkyrkjeleg markering av kristenretten.

Prosten har godkjent bruk av arbeidstid. Aksel orienterer. Kan soknerådet bidra med ein mindre pengesum?

Vedtak: Soknerådet gjev 2500 kroner til dette prosjektet

Sak 79 – 2022 Ny konstituering av soknerådet.

Den årlege konstitueringa av soknerådet må igjen gjerast.

Vedtak: Soknerådet held fram i si noverande form med same leiar og nestleiar.

Sak 80 – 2022 Offerliste for 2023.

Komiteen utnemnt av soknerådet kjem med utarbeidd forslag til kyrkjeoffer for gudstenestene i 2023, basert på ei fordeling der cirka halvparten av ofringane går til løn til diakonen/eigen kyrkjelyd, og resten til misjon og diakonale føremål i inn- og utland.

Vedtak: Offerliste godkjend. Føremålet med offera må vere tydeleg og godt presentert.

Sak 81 – 2022 Liste over utvida kyrkjekaffi hausten 2022 og våren 2023.

I samband med mellom anna trusopplæringstiltak brukar me ha kyrkjekaffi der kaker, boller m.m. vert servert. Me avgjer kva datoar dette vert.

Vedtak: Datoar: 23.10.22, 20.11.22, og 19.02.23

Sak 82 – 2022 Prostdag der me tek avskjed med biskop Nordhaug 3.november:

Informasjon og påmelding. Me viser elles til sending frå soknerådsleiar.

Vedtak: Saka vart framlagd, og dei som har høve stiller.

Sak 83 – 2022 Referat og meldingar

Misjonsmøte 24.10. i Moster kyrkje. Biskop Patrick Opembe, Kenya
Orgelkomiteen.

Trusopplæringsutvalet

Jubileumsbok-komiteen

Estlandskomiteen:

Straumkrise

Frå fellesrådet og administrasjon

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre

Sak 84 – 2022 Miksepult

Vedtak: soknerådet takkar for at Fellesrådet vil ta kostnaden med ny miksepult. Me forventar at dette snart vert ordna.

Sak 85 – 2022 Innlegg i Bømlo-Nytt om Ukraina og flyktningar

Vedtak: Soknerådet går inn for å sende opplese innlegg i Bømlo-Nytt.

Skrivar, Per Harald Gjerde

